

# Lom

## Førespurnad om tilbud på publiseringsløysing og nettstader Vedlegg – Tekstdel Lom kommune

### Innhaldsliste

1.	Forklaringar og mål for ny publiseringsløysing.....	2
2.	Nokre generelle hovudmål for Lom kommune.....	2
3.	Nokre hovudmål for nettstadene til Lom kommune.....	3
3.1.	Overordna utsjånad og design .....	3
3.2.	Viktigaste innhald i hovudnettstad .....	5
3.3.	Biblioteket med avvikande design .....	7
3.4.	Alternative nettstader .....	7
3.5.	Intranett.....	8
4.	Informasjon om Regiondata.....	8

## 1. Forklaringar og mål for ny publiseringsløyising

Saman med Sel kommune ønskjer Lom kommune tilbod på publiseringsløyising for internett, ekstranett og intranett. Løysinga skal driftast hjå Regiondata AS, det interkommunale selskapet for IT-drift i seks kommunar i Nord Gudbrandsdalen. Dette dokumentet inneheld ein tekst kor vi har formulert nokre av måla for ny publiseringsløyising og nye nettstader for Lom kommune. I eit vedlegg har vi formulert dei detaljerte ønskja og krava frå Sel og Lom kommunar i form av spørsmål og med felt for å svare på utfordringane.

## 2. Nokre generelle hovudmål for Lom kommune

- Eit enkelt og intuitivt administrasjonsgrensesnitt. Vi ønskjer å kunne gjera mest mogleg endringar sjølve. Vi vil derfor leggje vekt på at vi sjølve kan skifte toppbilete og flytte om på element, og at løysinga sett minst mogleg avgrensingar.
  - Kvalitetsundersøkinga til Norge.no er viktig for Lom kommune, og vi ønskjer å ha moglegheit for å oppnå toppresultat. Publiseringsløyisinga må oppfylle alle aktuelle krav i undersøkinga, og design må vera sett opp etter krav til universell utforming.
  - Hovudnettstaden skal vera målretta for å presentere tenester, politikk og administrasjon i Lom kommune. I tillegg skal brukarane lett kunne betene seg sjølve, og få ein enkel inngang til demokrati, innsyn og kontakt med kommunen.
  - I tillegg til hovudnettstaden vil vi opprette andre nettstader ([www.lom.no](http://www.lom.no), [lom.no](http://lom.no) og [www.boverdalen.no](http://www.boverdalen.no)) som subnett med meir seljande presentasjon av Lom kommune og bygda, diskusjonsforum, spørjeundersøkingar og anna.
  - Biblioteket skal ha noko avvikande design, fargar og topplogo.
- Vi skal og opprette ei kriseside som på ein enkel måte kan ta over som framside i ein krisesituasjon.
  - Vi ønskjer moglegheit for at vi sjølve kan oppretta fleire subnett i framtida.
  - Vi skal oppretta eit godt intranett for medarbeidarar i Lom kommune. Intranettet skal vera eit utgangspunkt og ei arbeidsflate med tilgang til fagsystem og informasjon. Det er ønskjeleg at den enkelte medarbeidar sjølv kan tilpasse noko av innhaldet på intranettet.
  - Det skal vera enkelt å velje publisering på fleire sider på hovudnettstad, subnett og/eller intranett.
  - Vi vil, så langt det er økonomisk og praktisk mogleg, integrere funksjonar inn i nettstaden, i staden for å sende brukarane ut til eksterne nettstader.
  - Design skal følgje Lom kommune sin vedtekne designprofil (sjå [www.visus.no/kommune](http://www.visus.no/kommune)), men krava til universell utforming skal gå føre designprofilen.
  - Vi ønskjer å unngå frames og iframes.


### 3. Nokre hovudmål for nettstadene til Lom kommune

#### 3.1. *Overordna utsjånad og design*

Alle subnetta skal nytte same struktur i sin utsjånad. Vi legg vekt på at utsjånaden er oversiktleg, enkel og rein. Det skal gå tydeleg fram i kva for subnett ein er. Subnetta skal skiljast frå kvarandre ved hjelp av ulik

logo, toppbilete og fargebruk – men det skal tydeleg gå fram at dei køyrer ein lik stil.

Figur 1. Prinsippkisse som syner strukturen til nettstadene.



##### 3.1.1. Toppfelt

Her skal den aktuelle logoen for subnettet visast heilt til venstre. Kontaktinformasjon skal visast heilt til høgre. I tillegg skal også eit eller fleire bilete inn i dette feltet.

Biletet og kontaktinformasjonsfeltet skal vera redigerbart frå administrasjonsgrensesnittet.

Det er viktig at ein i toppfeltet har ein subnett-meny, der ein enkelt og greitt kan hoppe mellom subnetta. Denne oversikta over subnett i toppfeltet må vera konsistent i alle subnetta. Subnettmenyen skal vera redigerbar frå administrasjonsgrensesnittet.

### 3.1.2. Verktøyline

Verktøyline skal til venstre innehalde eit «du er her» felt (nettstig), der brukarane kan halde oversikt over kvar dei er i nettstadstrukturen og klikke seg attende der dei kom frå.

Sett **frå høgre** skal det elles vera:

- Eit søkjefelt,
- Deretter språkval (engelsk og tysk),
- Ikon for val av tekststorleik,
- Ikon for taleoppleying og
- Ikon for nettkart.

### 3.1.3. Meny

Menyfeltet skal vera til venstre, og unik for kvart subnett. Innan kvart subnett skal menyen vera konsistent. Meny skal vera hierarkisk, og alle sidene på nettstaden skal vera å finne i hierarkiet.

Det er ynskjeleg at ein kan bla i menyen utan å måtte laste inn kvar side ein må innom for å nå målet sitt (eksempelvis som når ein blar i utforskaren i Windows ved hjelp av «+» teiknet). Kan løysast typisk med Javascript, men menyen må også fungere sjølv om Javascript er deaktivert hjå klienten.

### 3.1.7. Universell utforming

Det er viktig at nettløysinga er universelt utforma, og det blir lagt stor vekt på Norge.no sitt kriteriesett ([www.norge.no/kvalitet](http://www.norge.no/kvalitet)).

### 3.1.8. Integrasjon av eksterne kjelder

Vi bruker i dag fleire eksterne kjelder. Så langt det er økonomisk og teknisk mogleg ønskjer vi desse integrert i ny nettstad, slik at brukaren oppfattar kjeldene som ein del av vår eigen nettstad.

Når ein vel ei side i menyen, så skal alle undersider ekspanderast.

Eventuelle andre aktiverte undermenyar skal skjulast så menylista ikkje blir for lang og uoversiktleg.

Menystrukturen har vore diskutert, og det er uttrykt bekymringar for at menyen kan bli altfor lang og uoversiktleg på visse område. Det er ynskjeleg med innspel på ulike løysingar om detta skulle bli eit problem.

### 3.1.4. Hovudinnhald

Dette feltet har ulike malar ut ifrå kva for ei sidetype ein er inne på.

Overordna så har det eit innhaldsfelt med ekstrainnhald i eit høgre felt.

Hovudinnhald er spesifisert under krava til kvart enkelt subnett.

Hovudinnhaldet skal vera tilgjengeleg i ein utskriftsvennleg versjon.

### 3.1.5. Eksterne logoar (banner)


Under innhaldet på sida, så skal det vera ei line med eksterne logoar.

Dette er eksempelvis kommunevåpenet for kommunane i distriktet og relevante tenester på nett. Skal vera redigerbart.

### 3.1.6. Botnfelt

Nedst på sida skal det vera eit enkelt felt med lenke til nettstadskartet og intranettet, og kontaktinformasjon.

Dette feltet skal vera redigerbart i administrasjonsgrensesnittet.



### 3.2. Viktigste innhold i hovudnettstad

Vi ønsker å målretta nettstaden www.lom.kommune.no slik at nettstaden berre viser det absolutt viktigaste innhaldet. Sjå underkapitla for meir informasjon.

Figur 2. Figuren viser ein skisse over element på framsida. Vi gjer merksam på at dette ikkje er eit fullstendig innhald eller utkast til design, berre ein prototype vi har brukt for å synleggjere ulike val undervegs i arbeidet med nettstaden.

#### Menystruktur

Menyen for heile nettstaden skal plasserast til venstre, og innehalde desse hovudpunkta: - Tenester til deg, - Politikk, - Administrasjon, - Om Lom, - Presse og - Informasjon etter tema

Menyen Tenester til deg skal vera opna når brukaren kjem inn på nettstaden.

Under menyen Administrasjon skal vi presentere den formelle administrative organiseringa i Lom kommune. I hovuddelen skal det vera eit klikkbart organisasjonskart.

Under menyvalet Informasjon etter tenester ønskjer vi å presentere offentlig informasjon basert på LOS-strukturen (sjå <http://www.norge.no/los/>).

#### Sjølvetening

Øvst i hovuddelen på framsida skal vi ha eit stort felt for sjølvetening. Her skal vi sjølve kunne leggje inn lenkjer til aktuelle skjema og anna. Ved klikk på ei lenkje skal ho opnast som ein integrert del av nettstaden. Nedst i feltet skal det vere lenkje til framsida til skjemaløysinga Kommune 24/7, og ho skal opnast som ein integrert del av nettstaden. Øvst på høgre del av kvar tenesteside skal det vera eit sjølveteningsfelt med same design som tilsvarande felt på framsida.

**Demokrati og innsyn**

Vi skal og ha eit felt for demokrati og innsyn på framsida. Her skal det vera lenkjer til innsyn i postjournal, saker til politisk behandling, innbyggjarinitiativ og ein del anna.

**Nyheiter**

Det skal presenterast nyheiter på framsida. Nokre få skal presenterast med dato, tittel og ingress, og i tillegg nokre berre med dato og tittel.

**Arrangement og faste aktivitetar**

På framsida skal det vera ein månadskalender med klikkbare datoar. Datoane kor det er lagde ut arrangement skal vera utheva i kalenderen. Det skal og vera mogleg å få oversikt over arrangement etter månad.

Vi må kunne leggje inn arrangementet under sjølvvalde kategoriar, men desse kategoriane treng ikkje vera søkbare. Det skal og vera eit felt på høgre side i nokre av sidene til tenestene. Feltet skal ha same design som kalenderen, og her skal det automatisk leggjast inn lenkjer til arrangement som er aktuelle for tenestestaden. Lista skal produserast basert på dei nemnte kategoriane.

I tillegg til arrangementskalenderen, skal det på høgre side i nokre utvalde tenestesider vera ein vekekalender for å vise fram faste aktivitetar knytte til tenestestaden.

**Innhald på sidene under menypunktet Tenester til deg**

Knytt til kvar tenestestad skal vi ha følgjande innhaldsartiklar:

- Tenestemtale, som er ein artikkel med tittel, dato, ingress og innhald. Det må vera mogleg å leggje inn bilete.
- Tenestebeskriving, ein artikkel som skal baserast på Statkonsult sin standard mal (sjå dette dokumentet: <http://www.statkonsult.no/publik/bokhefteveil/Servicekontor/se>

[rvicekontorer.pdf](#)). Avsnitt i malen kor det ikkje er skreve inn tekst skal ikkje vera synlege på nettstaden. Vi er opne for forslag til abonnement på tenestebeskrivingar.

- Serviceerklæring, ein artikkel med innhald som vi enno ikkje har definert.

Dei fleste tenestestader vil ha tenestemtalet som eigen framside og tenestebeskriving og serviceerklæring som lenkjer i feltet for sjølvbetening. Men dette kan variere frå stad til stad, nokre vil koma til å ha tenestebeskrivinga som framside, og andre, som til dømes biblioteket, vil ha heilt eigen løyning.

I hørefeltet skal det kunne vera følgjande element (ikkje alle tenestestader vil velje alle element):


- Kontaktinformasjon
- Boks for sjølvbetening med gjenkjennande design frå tilsvarande på framsida. Innhaldet bør kunne produserast automatisk basert på LOS-strukturen, eventuelt basert på eigen kategorisering av sjølvbeteningssaker.
- Kultur/arrangementskalender.
- Vekekalender for faste aktivitetar innan området.
- Felt, eller lenkje til Ofte stilte spørsmål innan området.
- Felt for sjølvvalde lenkjer og lenkjer henta inn ved hjelp av LOS-strukturen

**Anna innhald på hovudsida**

Vi skal ha følgjande element på framsida på hovudnettstaden:

- Lenkje til webkamera, eventuelt utforma som livebilete
- Inngang til funksjonalitet for nettprat
- Felt for Ofte stilte spørsmål som også skal knytast til tenestestadene for å vise fram Ofte stilte spørsmål knytte til kvart område
- Skjema for ros, ris og innspel





### 3.3. Biblioteket med avvikande design

Biblioteket skal ha noko avvikande design som til dømes fargebruk og toppbilete, men hovudelementa skal vera dei same slik at biblioteket tydeleg står fram som ein del av Lom kommune.

Øvst i hovudfeltet skal det vera tre boksar med bilete av sjølvvalde bøker. Ved klikk i boksen skal det opnast ein artikkel med bokomtale.

I resten av hovudfeltet skal det vera siste publiserte artikkel, og kronologisk liste med tittel på andre publiserte artiklar.

Figur 3.

Figuren viser ein skisse over element på biblioteketsida. Vi gjer merksam på at dette ikkje er eit fullstendig innhald eller utkast til design, berre ein prototype vi har brukt for å synleggjere ulike val undervegs i arbeidet med nettstaden.


### 3.4. Alternative nettstader

Vi skal opprette ein nettstad (www.lom.no og lom.no) med mykje informasjon om Lom kommune og bygda. Vi skal og opprette nettstaden www.boverdalen.no. Desse sidene vert ikkje reine kommunal sider. Vi vil og vurdere om vi skal bruke annan topplogo enn den kommunale logoen. Fargebruk skal vera avvikande frå hovudnettstaden, men anna design skal formast slik at det liknar hovudsida.



Figur 4.

Figuren viser ein skisse over element på framsida av alternativ nettstad (lom.no). Vi gjer merksam på at dette ikkje er eit fullstendig innhald eller utkast til design, berre ein prototype vi har brukt for å synleggjere ulike val undervegs i arbeidet med nettstaden.



### 3.5. Intranett

Vi skal opprette eit intranett for tilsette i Lom kommune, utforma som ein arbeidsflate med direkte tilgang til fagsystem og kontorapplikasjonar. Det er og ønskjeleg å integrere informasjon frå fagsystem og element frå Exchange. Intranettet skal tilpassast brukarar basert på tenesteområde, og det skal ikkje vera naudsynt med eigen pålogging etter at brukaren er autentisert av Regiondata.

Figur 5.  
 Figuren viser ein skisse over element på intranett. Vi gjer merksam på at dette ikkje er eit fullstendig innhald eller utkast til design, berre ein prototype vi har brukt for å synleggjere ulike val undervegs i arbeidet med nettstaden.

## 4. Informasjon om Regiondata

Regiondata er ei felles verksemd for IT-drift for seks kommunar (Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Skjåk og Lom) i regionen, og er lokalisert på Otta i Sel kommune. Regiondata har sett ut drift av serverpark til ekstern driftsleverandør. Regiondata skal drifte dei nye nettstadene og publiseringssløysinga. Dei har ansvar for drift av dei fleste fagsystema

innan økonomi, sak/arkiv, helse- og sosialløysingar og kartsystem. Operativsystem på dei fleste serverane er Windows 2003 Standard, og databasar som driftast er Oracle 9.2i og Microsoft SQL 2000 Standard. Tilsette har tilgang til Regiondata via ei Citrix-løysing.